

Utarbeiding av handlingsplan 2017.

Kommunane og partane i spesialisthelsetenesta utarbeider årleg felles handlingsplaner. Det er no tid for å starte arbeidet med handlingsplan 2017.

Samarbeidssekretariatet (SSE) sender med dette ut førespurnad til partane. (kommunane, spesialisthelsetenesta inkl. private ideelle sjukehus)

Ein ber partane om å melde inn kva tema og konkrete tiltak ein ønskjer å prioritere i neste års plan. Innspel kan gjelde temaområde og/eller konkrete tiltak. Dei som kjem med innspel må grunngje kvifor innspela bør vere ein del av handlingsplanen.

Kommunane melder sine forslag tilbake til kommunal representant i SSE. Spesialisthelsetenesta melder tilsvarande til sine representantar i SSE.

Frist for innmelding til SSE er 21. november.

Det vil vidare bli lagt fram sak for samarbeidsutvala på septembermøta for drøfting og på desembermøta for ei felles prioritering. Alle skriftlege innspel og samarbeidsutvala sine eigne forslag vil danne grunnlag for prioritering. For at handlingsplanen skal bli overkommeleg ber ein utvala om å foreslå tre tema/tiltak i prioritert rekkefølge.

Tabell for innmelding av tema og tiltak

Forslagstiller	Tema	Konkret tiltak	Grunngjeving for forslaget